

# Verdas mest forelska par

AV RUNE BELSVIK



HADGESUND

teater



# Velkommen!

Jeg fikk jobben som teatersjef ved Haugesund Teater, mens jeg fortsatt arbeidet på Oslo Nye Teater. Da jeg skulle begynne å se meg etter instruktører som skal jobbe hos oss i årene fremover var det naturlig å se over bordet til Catrine Telle som var min sjef der. Og Catrine brukte ingen betegnelse, hun svarte "ja" med en gang forespørselen kom. Og om jeg ikke husker feil var Belsvik en av de første navnene vi kom på, Catrine hadde jobbet med Belsviks dramatik før, på Den Nationale Scene i Bergen. Kort tid etter, når begge hadde lest ulike stykker ble avgjørelsen tatt rimelig raskt. Begge hadde lagt sin elsk på verdas mest forelska par.



Men; Noe av det minst sexy en teatersjef kan gjøre er å sette opp ny, norsk dramatik for andre gang. Det gir ingen uttelling i statistikken vi sender til offentlige myndigheter. Ikke noe tall i kolonnen for "norske urpremierer". Men er det noe jeg har bestemt meg for å gjøre så er det nettopp det å tørre å sette opp norsk dramatik for andre gang. Deretter får man bare håpe at en annen teatersjef tør å gjøre det for tredje gang osv osv. Og er det noe som fortjener å bli spilt mer så er det Rune Belsvik generelt, og VERDAS MEST FORELSKA PAR spesielt.

Rune Belsviks stykke har skapt et univers der store eksistensielle problemer reduseres til det enkle, men som så, når de settes på en scene folder seg ut i en mangefasettert rikdom som forhåpentligvis gir gjenklang hos dere som ser på. Poetisk eksistensialisme kan det kalles.

Vi har dyttet inn på Intimscenen (som er i sannhet intim), kreativt team, skuespillere og musikere av ypperste klasse. Det er ikke spart på noe når det kommer til kvalitet. Det er råflott å ha Catrine Telle og Ingeborg Kvamme til å lede dette arbeidet kreativt. Det har vært en berikelse for teateret og tror det har vært en tur tilbake til gruppeteatertiden på 80-tallet for de to damene i front.

Hele ensemblet har vært en fryd å ha i gangene her, og de har fylt hverdagen med kreativitet, humør og stor arbeidslyst!

God fornøyelse!  
Erik Schøyen  
teatersjef



FOTO: Grethe Nygaard/Haugesund Teater





FOTO: Grethe Nygaard/Haugesund Teater





FOTO: Grethe Nygaard/Haugesund Teater





# Humoristisk fortelling om kjærleik

av Bjarte Amble

## Går det verkeleg an å konkurrera om kven som er det mest forelska paret i verda?

Teatersjef Erik Schøyen har invitert to kjende navn frå teaterverda til å realisera stykket: Catrine Telle har regien, medan Ingeborg Kvamme tek seg av scenografi og kostymar. Forfattaren er sjølv kjent på Haugalandet, og er ingen ringare enn Rune Belsvik frå Stord.

– Det er flott at vi, som er det minste regionteateret i Noreg, får to slike kapasitetar til å jobba her. Det betyr at vi har måttet skjerpa oss ekstra, seier teatersjefen. Han kjenner både Catrine Telle og Ingeborg Kvamme frå tidlegare. Telle var faktisk sjefen hans då dei begge jobba ved Oslo Nye Teater – ho som teatersjef, han som instruktør og dramaturg.

Telle samarbeidde med Rune Belsvik då ho på slutten av 80-talet var instruktør ved Den Nationale Scene i Bergen.

– Eg har sidan følgd med i forfattarskapen hans, og likar den naivistiske stilen hans og det enkle formspråket, seier Telle.

– Ja, dette er ei framsyning for alle som trur på forelskinga, legg Schøyen til.

## OVERLEVER KJÆRLEIKEN?

Stykket handlar om eit ungt sambuarpar, Bidger og Esmiluni, som berre ønskjer å vera saman og kosa seg med pannekaker og pludring seg imellom. Ja av og til er dei så forelska at dei ikkje orkar å arbeida. Dei bur i bygda Bløygen, der kommunestyret melder dei på til ein romantikk-konkurranse i utlandet. Kommunen treng sårt noko som






FOTO: Grethe Nygaard/Haugesund Teater

kan skapa blest om bygda, og gje grobunn for ny næringsutvikling. Mest av alt ønskjer dei seg meir enn ein lykestolpe.

Men det er ikkje lett for det unge paret å førebu seg til ein slik konkurranse, heller ikkje lett å visa kor forelska dei er på kommando, og det attpå til i knallhard konkurranse med andre. I bygda finst det og ein kar som heiter Bjørn Diesel. Han er ulukkeleg forelska i Esmiluni, men med svært stor tru på seg sjølv kjenner han seg trygg på at det er han ho eigentleg vil ha. Dette skaper både forviklingar og sjalusi. Kan kjærleiken overleva under desse forholda, er eit av spørsmåla vi blir stilt overfor.

Catrine Telle karakteriserer stykket som ein naivistisk og morosam fortelling – typisk Rune Belsvik, og med eit satirisk blick på samfunnet.

Handlinga går føre seg i heimen til paret, på ein ferjekai og i trøbbelkiosken. – Kaien er som eit symbol på og arena for sjølve livet, med folk som ventar, som kjem og går eller berre kikar på andre, fortel Telle.

## GLEDER SEG

Catrine Telle synest at VERDAST MEST FORELSKA PAR byr på fint og poestisk stoff. Ikkje så tungt.

– Eg føler at dette er eit stykke som passar meg godt. Og så har det vore morosamt å jobba med det her i Haugesund. Det har vore hyggeleg å samarbeida med Erik Schøyen igjen, smiler ho.



**Catrine Telle (Regi)**

Utdannet ved Statens teaterskole i København. Tidligere teatersjef ved Trøndelag Teater og Oslo Nye Teater. Har bak seg mange oppsetninger i Danmark og Norge, bl.a. som fast tilknyttet instruktør ved DNS, Nationaltheatret og Riksteateret.

**Ingeborg Kvamme (Scenografi/kost.design)**

Scenograf og kostymedesigner med lang erfaring og merittliste fra mange teatre i Norge. Sist sett i Haugesund med LES MISERABLES i 2014. Gjorde også scenografi og kostymer på WEST SIDE STORY på Bømlø ifjor sommer. Bosatt på Halsnøy.

**Kisser Rosenquist (Lysdesigner)**

Hun har siden 1975 arbeidet som teatertekniker, produktionsleder, lystekniker- og designer på store og små teatre. Siden 1995 har hun fortrinnsvis vært lysdesigner, og har i dag omkring 160 lysdesign på sin CV, som de siste 8 år også omfatter scenografi.

**Unni Gjerde Jørgensen (Maskør)**

Er utdannet make up-artist i England på slutten av 80-tallet. Ble ansatt av Beintein Baardson på Rogaland Teater. Har hatt gleden av å få jobbe freelance ved flere teater og filmprosjekter gjennom årene. Hadde sist maske og hår på Haugesund Teaters GREASE.

**Marianne Stormoen (Esmiluni)**

Utdannet ved Statens teaterhøgskole. Rollen som Louison i HYPOKONDEREN på Oslo Nye Teater var hennes debut som skuespiller. I 2014/2015 har hun hatt rollen som Natasja i TRE SØSTRE på Nationaltheatret og har medvirket som stemmeskuespiller i serien HOTELL 13 (NRK Super) som Victoria.

**Martin Hovland (Bidger)**

Han har sin utdannelse fra Bårdar Akademiet i Oslo og Guildford School of Acting utenfor London. Dette er den andre produksjonen han gjør i Haugesund dette året, sist var han å se i rollen som Roger i GREASE.

**Christine Hope (Rosina Myrl/Monellika)**

Stordajenta er bosatt i Bergen, men velger å pendle til der de beste jobbene tilbys, og har derfor blitt godt kjent med Kystbussen i det siste. Christine har spilt i mange kommedier, show og revyer, og da hun elsker å skifte dialekt og klær er dette et drømmestykke for henne.

**Endre Hellestveit (Bjørn Diesel)**

Utdannet ved Statens Teaterhøgskole. Teater: Den Nationale Scene, Nationaltheatret og Det Norske Teatret som bl.a. Peer i PEER GYNT. Film: Det største i verden (2001), Himmelfall (2002), Pioneer (2013). TV: Seks som oss (2005–2007), Varg Veum-serien (2007–2008) og i Det tredje øyet 1 og 2 (2014)





**Tom-Stian Lenningsvik**  
(Bøttefanten/Kløvert)

Er utdannet skuespiller med BA fra HiNT. Nordlending av fødsel og gemytt. Har senest vært skuespiller ved Grusomhetens Teater i "Revolusjonære budskap" og i "Den sommeren pappa ble homo" på Hålogaland Teater



**Janna Kari Kvinnesland**  
(Herdis Perdis/Dommer)

Hun har vært en del av teater, og revymiljøet i byen i 25 år. Dette året har hun et årsengasjement ved teateret og gleder seg til forestillinger som bl.a. VAFFELHJARTE og STORMEN.



**Jørn Morstad**(Sidvus Krem/Puddel)

Har arbeidet som skuespiller siden 1990. Erfaring med revy, teater, musikal og figurteater. Spilte revy på Gledeshuset Ludvik i Oslo tidlig 90-tall. Så fulgte en lang periode ved Riksteatret. Før Haugesund Teater turnerte han i Buskerud for Brageteatret.




**Pål Jackman**(Musiker)

Pål Jackman har laget filmmusikk med Vegard Fossum. Kjent fra orkestrene Wunderkammer, Undergrunnen og samarbeid med Kitchen Orchestra.



**Vegard Fossum**(Musiker/Mørtel)

Har hovedfag fra UIO. Har tidligere laget både film- og teatermusikk. På Haugesund Teater har han tidligere vært med på bl.a. GREASE, HALLO, ADJØ. Sammen med Halvor Lillesund laget musikken til bl.a. EN FOLKEFIENDE på Kilden og RONJA RØVERDATTER på DNS.





# Kreditliste

## VERDAS MEST FORELSKA PAR av Rune Belsvik

### Medvirkende:

|                             |                        |
|-----------------------------|------------------------|
| Esmiluni .....              | Marianne Stormoen      |
| Bidger.....                 | Martin Hovland         |
| Bjørn Diesel .....          | Endre Hellestveit      |
| Rosina Myrl/Monellika ..... | Christine Hope         |
| Bøttefanten/Kløvert .....   | Tom-Stian Lenningsvik  |
| Herdis Perdis/Dommer.....   | Janna Kari Kvinnesland |
| Sidvus Krem/Puddel.....     | Jørn Morstad           |
| Mørtel/musiker.....         | Vegard Fossum          |
| Musiker.....                | Pål Jackman            |

### Kreativt team:

|                             |                              |
|-----------------------------|------------------------------|
| Regi.....                   | Catrine Telle                |
| Scenografi/kost.design..... | Ingeborg Kvamme              |
| Lysdesigner.....            | Kisser Rosenqvist            |
| Maskør.....                 | Unni Gjerde Jørgensen        |
| Komposisjoner.....          | Vegard Fossum og Pål Jackman |

### Produksjonsteam:

|                                |                                  |
|--------------------------------|----------------------------------|
| Inspisient .....               | Mie Moe Gofjeld                  |
| Teknisk leder.....             | Torleif Helvik                   |
| Kostymeansvarlig .....         | Susann Hæstad                    |
| Koreografisk konsultasjon..... | Magdalena From Delis             |
| Dialektkonsulenter.....        | Øyvind Angeltveit og Sigurd Sele |
| Snekkerarbeid.....             | Øyvind Solstrand                 |
| Malearbeid.....                | Aud Sigrid Flesland              |
| Produksjonsassistenter.....    | Ali Abdoos og Katrine Hagen      |
| Grafisk design, program .....  | Ali Abdoos                       |
| Prod.leder/rekvisittansv. .... | Monika S. Bjerke                 |
| Sekretær.....                  | Maria F. Eriksen                 |
| Administrasjonssjef.....       | Torunn Skogland                  |
| Teatersjef.....                | Erik Schøyen                     |

Takk til:

Haugaland Kraft/Etne Ellag for lyktestolpe

I redaksjonen: Erik Schøyen og Bjarte Amble. Grafisk design: Ali Abdoos. Trykk: HBO. Fotografering og videoopptak under forestillingen er ikke tillatt.





# Karakterbeskrivelser

av Rune Belsvik

## BIDGER

Bidger er lykkeleg forelska i Esmiluni. Når ho går på do, sitt han og ventar på henne. Mens han ventar gler han seg til våren. Han gler seg til kvelden. Han gler seg til morgondagen. Han gler seg til Esmiluni skal bli ferdig på do. Gledene strømmer mot han. Han håpar det gode vil vara lenge. At han og Esmiluni skal vera kjærastar i Bløygen for alltid. Men ein dag seier Esmiluni at ho er lei av pannekaker. Då blir Bidger redd. Han trudde ikkje ho kunne bli lei av noko dei to hadde i lag. Og så vil ho reisa til utlandet for å vinna ein gullmedalje. Då blir han endå reddare. Men han vågar ikkje å seia kor redd han er. Han seier mykje anna i staden. Han blir forskrekka over alt han kan finna på å seia, for å sleppa å snakka om det han er redd for.

## ESMILUNI

Esmiluni er lykkeleg forelska i Bidger. Ho synest livet er godt og enkelt. Det er som om noko syng av seg sjølv i henne. Men songen kan plutseleg bli trist. Ho forstår ikkje korfor. Kan det vera fordi Bidger av og til verkar så pysete? Kan det vera fordi ho veit at ingenting varer for alltid? Kan det vera fordi det også er ein annan som er så forelska i henne? Ho veit ikkje. Ho vil ikkje tenka på det heller. Ho vil fletta håret til Bidger. Ho vil blåsa han i øyro og seia rare ord til han. Nokre gonger blir ho overraska over Bidger. Plutseleg verkar det som han ikkje bryr seg om henne heilt på skikkeleg. Plutseleg er det som han berre tenker på seg sjølv. Ei natt går ho ut av huset for å gå til ein annan.

## BJØRN DIESEL

Bjørn Diesel er ulykkeleg forelska i Esmiluni. Han har ein heil bensinstasjon med godtedisk og vaskeautomat. Men han bryr seg berre om Esmiluni. Han gjer alt han kan for at ho skal gå frå Bidger og komma til han. Etter han blei ulykkeleg forelska i





Esmiluni har han ikkje hatt lyst på graut. Han saknar grautlysta si. Grautlysta var fin å ha. Alt grautlysta brydde seg om var graut. Men no bryr han seg altså ikkje om graut i det heile tatt. Bjørn Diesel har aldri vore sjenert. Viss han vil banka på ei dør, så bankar han på henne. Viss han er forelska i nokon så seier han det til dei. Likevel må han ofte til Trøbbelkiosken for å be om råd mot alt det vanskelege i livet sitt.

### **BØTTEFANTEN**

Bøttefantan eig og driv Trøbbelkiosken. Trøbbelkiosken er eit lite hus i Bløygen sentrum. Det står eit bord og to stolar der inne. I den eine stolen sitt Bøttefantan og ventar på at det skal komma ein kunde og be om råd. Det er som regel berre Bjørn Diesel som kjem. Det rådet Bøttefantan pleier å gi er dette: Gå ein tur. Viss problemet er lite kostar rådet 3 kroner. Er problemet større kostar det 5 kroner. Viss det kjem nokon med kjempetrøbbel kostar rådet 7 kroner. Men rådet er det same, uansett kva det kostar: Gå ein tur. Bøttefantan håpar Rosina Myri vil komma og be om råd. Han synest ho er så stilig og fin. Viss ho ein dag kjem, så vil han be henne gå ein tur utan å ta betaling for det.

### **HERDIS PERDIS**

Herdis Perdis er journalist, fotograf og redaktør i Bløygen Avis. Kvar dag prøver ho å finna noko nytt å skriva om. Men i Bløygen bur det nesten ingen folk. Det er berre ein einaste lyktestolpe der. Då er det ikkje lett å finna noko å skriva om. Heldigvis er det ein stor sølepytt like ved lyktestolpen. Den sølepytten har ho skrive om mange gonger. Når det er fint ver tørkar sølepytten og blir til ei djup, og stygg hole i vegen. Den hola har ho også skrive om mange gonger. Herdis Perdis drømmer om at nokon i Bløygen skal bli berømte, så ho kan skriva alt muleg om dei.

### **ROSINA MYRL**

Rosina Myrl er ordførar i Bløygen. Ho har hovudet fullt av viktige tankar. Tankane er så store og tunge og viktige, at ho må gå fort og beint så dei ikkje skal velta. For eksempel tenker ho på korleis dei skal få pengar til fleire lyktestolpar i Bløygen.





Korleis dei skal få pengar til rekkverk på brua. Viss alle i Bløygen lever lenge, vil dei også trenga pengar til ein gamleheim. Ho trur at den beste måten å skaffa alle desse pengane på, er å få turistar til å komma til Bløygen på ferie. Men korleis skal ho lokka turistane til Bløygen?

### SIDVUS KREM

Sidvus Krem er med i kommunestyret saman med Rosina Myrl. Dessutan eig han Bløygen Hotell. Sidvus Krem føler seg ofte trist og dum. Han kan laga den finaste bløygensuppe. Han kan pynta bordet i hotellet med kvit duk. Han kan plukka blommar i ein vase og setta vasen på duken. Likevel kjem det ingen gjester. Når Sidvus Krem føler seg trist og dum pleier han å opna eit lite, blått skrin han har på nattbordet sitt. Oppi der ligg det alltid ein liten sjokolade og ein lapp. På lappen står det: Eg er med i kommunestyret. Då veit han at han er med på noko viktig, og så et han sjokoladen for å kosa seg litt.

### FOLK SOM ER MED I VERDSMEISTERSKAPEN:

**KLØVERT og MØRTEL** er eit stilig par som elsker å reisa kring i verda og møta nye folk. Dei synest det er moro med konkurransar. Men dei meiner at ekte kjærleik og elegant tango ofte er to heilt forskjellige ting.

**MONELLIKA og PUDEL** er eit stilig par som elsker gullmedaljar. Dei øver og trenar heile året i håp om å komma på toppen av sigerspallen. Det er kanskje ingen i heile verda som er så elegante som dei.

**DOMMAREN** følgjer nøye med så ingen juksar i konkurransen. Ho styrer det heile på tusen språk, og sørgjer for at det rette paret til slutt får gullmedaljen.



FOTO: Grethe Nygaard/Haugesund Teater



# Vaffelhjarte

familieforestillingen  
av Maria Parr



## Smakfulle vaffelhjarte til heile familien

av Bjarte Amble

**Alle ønskjer å ha ein beste ven. Når du trur du ikkje har det, vert du usikker. Det er kanskje det viktigaste forteljinga VAFFELHJARTE vil formidla. I slutten av februar 2015 kan du få oppleva denne populære familieforestillinga på Haugesund Teater.**

Mange hugsar kanskje då forteljinga om ni-åringane Trille og Lena sitt venskap gjekk som TV-serie på NRK for nokre år sidan. Serien bygde på boka til Maria Parr, som også har resultert i suksessrike teateroppsetjingar på Den Nationale Scene (DNS) i Bergen og Sogn og Fjordane Teater i Førde.

No skal vaksne og born på Haugalandet få oppleva det samme, med vår eigen teatersjef Erik Schøyen som regissør. Han gler seg til å presentera forestillinga, der handlinga går føre seg i den vesle fantasibygdga Knert-Matilde. Her bur Trille (Fredrik Høstaker) og Lena (Mari Haugen Smistad). Dei er kanskje bestevener. Trille er i alle fall sikker på det, men han er litt usikker på kva Lena meiner om den saka. Uansett finn dei to på mange rare sprell saman, men dei kjem alltid ned på beina. Rundt dei to i hovudrollene møter vi Trille sine foreldre (Sigurd Sele og Janna Kari Kvinnesland) og besteforeldre, medan Lena si mor (Nina Sele) er åleine. Og midt oppi det heile får publikum nyta kjende songar frå Odd Nordstoga sitt album "Bestevenn", mellom anna "Ein farfar i livet".

### TILBAKE ETTER GREASE

Det er ikkje lenge sidan Fredrik Høstaker og Mari Haugen Smistad skapte liv og røre i Haugesund, då musikalen Grease gjekk for fulle hus i Festiviteten – Fredrik i rolla som Eugene og Mari som Rizzo.



Begge var den gong litt usikre på korleis dei skulle tolka rollene sine. Mykje skulle på plass, og det var mange folk å forhalda seg til.

– Men vi følte at vi var i trygge hender, med god hjelp frå Erik og dei andre i staben. Vi lærte masse, og hadde det fantastisk den tida vi held på, seier Fredrik og Mari samstemte.

Dei fekk god kontakt seg imellom, og vart gode vener. Det kjem vel med når dei no skal spela veneparet Trille og Lena.

## **BARNETEATER PÅ ALVOR**

Fredrik har den største rolla, som forteljaren i forestillinga. Han såg VAFFELHJARTE på DNS, og vart imponert.

– Eg sat igjen med ei varm og god kjensle, og registrerte at særleg borna i teatersalen vart veldig engasjerte i det som skjedde på scena. Det er kult at også Haugesund Teater tar barneteater på alvor, sier Fredrik.

Mari er absolutt einig med Fredrik:

– Forteljinga om Trille og Lena sitt venenskap er varm og vakker. Eg gler meg veldig til å spela Mari, seier ho, og fortel at rollefiguren Lena er ei uforsiktig lita jente, som ikkje er redd for nokon ting.

– Det er vel litt slik som eg sjølv var som barn, svært aktiv og utadvendt før eg seinare vart meir tilbakehalden. Gjennom Lena får eg ta eit steg tilbake til barndommen min. Det vert kjekt, smiler ho.

Fredrik finn mange felles trekk mellom seg sjølv og Trille:

– Eg hadde forskjellige faser som liten. I barnehagealder var eg veldig aktiv, og ville absolutt ikkje leggja meg om kvelden. Men i løpet av skulealderen roa eg meg. Dei kalte meg forresten Pelle på den tida – og det gjer familien min framleis. Ikkje så stor skilnad mellom Trille og Pelle altså, ler han.

No ser dei begge fram til å jobba saman med Erik Schøyen igjen.

– Det er jø ein stor fordel at vi er godt kjent frå før. Han gjev oss ikkje prestasjonsangst, og det er veldig bra for jobbinga, sier Fredrik og Mari, snart klar for innspurten framfor VAFFELHJARTE, der prøvene tek til like over nyttår.



*Er du bestevenen min, tenkjer Trille (Fredrik Høstaker), saman med Lena (Mari Haugen Smistad). Ho er i alle fall hans beste ven.*

FOTO: BJARTE AMBLE





På nyåret er teatersjef Erik Schøyen klar med den populære familieforestillinga VAFFELHJARTE, om veneparet Trille (t.h) og Lena, spelt av Fredrik Høstaker og Mari Haugen Smistad.

## EI FANTASTISK FORTELJING

Erik Schøyen visste for lenge sidan at han skulle setja opp ei familieforestilling i januar/februar 2016.

– Eg tenkte at eg ville unngå dei vanlige forestillingane, som Ole Brumm og andre liknande. Då eg hadde sett VAFFELHJARTE på Den Nationale Scene i Bergen, bestemte eg med i løpet av få dagar at dette måtte bli Haugesund Teater si familieforestilling.

– Kva vil du legge mest vekt på i forteljinga?

– At alle ønskjer å ha ein besteven, og savnet du kjenner når du trur du ikkje har det. Men også det at lykken er nærmare enn du trur.

– Kva er ditt håp og ønskje for VAFFELHJARTE?

– At vi sel mange billetter, fordi dette er ei fantastisk forteljing som fortener å verta høyrd, seier teatersjef og regissør Erik Schøyen.







FOTO: BJARTE AMBLE

*Vi er forberedt på at det kan bli mye vind og vær når STORMEN settes opp på Vibrandsøy i slutten av mai 2016, sier folkene bak oppsetningen. I bakgrunnen ses Nylandhuset, som blir forestillingens hovedarena. Sittende foran instruktør Erlend Samnøen. Bak fra venstre dramatiker Eirik Fauske og to av skuespillerne – Sjur Marqvardsen og Janna Kari Kvinnesland.*

Storsatsing i teaterets jubileumsår:

## En folkelig Shakespeare på Vibrandsøy

av Bjarte Amble

**Med det restaurerte Nylandhuset og store deler av Vibrandsøy som arena, inviterer Haugesund Teater til en unik opplevelse når storsatsingen STORMEN settes opp til våren. Publikum kan vente seg en folkelig og inkluderende teateropplevelse – i jubileumsåret 2016.**

STORMEN er en av William Shakespeares klassikere. Regissør Erlend Samnøen føler seg likevel fri til å gi oppsetningen et tydelig lokalt preg, der STORMEN bare blir en del av forestillingen.









nynorsk, og deklamer malmfullt fra dette: "Vi er slikt stoff som draumar er av".

### **VISER BREDDEN**

Teatersjef Erik Schøyen ser fram til å få gj publikum en unik teateropplevelse ute på Vibrandsøy:

– Hvorfor valgte du klassikeren STORMEN?

– Alt for ofte setter teatrene opp en klassiker fordi det er en klassiker. Før jeg kom til Haugesund sa mange til meg, at "du må lese Stormen". Jeg fulgte rådet, og kom til at dersom man skulle sette opp Shakespeare i Haugesund, så måtte det bli STORMEN.

– I 2016 blir Haugesund Teater 30 år, og som prosjektteater må dette feires i prosjektteaterets ånd. Vi ønsker i løpet av året å vise bredden i hvordan man kan produsere teater – fra manusbasert teater til nyskriving eller omskriving av eksisterende materiale, improvisert teater eller visecabaret, sier teatersjefen.

Forberedelsene til STORMEN går sin gang, fram til første prøve i Haugesund 4. april, og den store spennende premieren – en forhåpentligvis vakker vårdag 25. mai 2016.

### **NOEN AV FOLKENE BAK FORESTILLINGEN:**

Instruktør/koreograf: Erlend Samnøen. Har skapt mange forestillinger, blant annet i samarbeid med dramatiker Eirik Fauske. Han har jobbet både som danser, koreograf og instruktør i en rekke oppsetninger ved blant annet Trøndelag Teater, Den Norske Teatret, Nationaltheatret og Hålogaland Teater. Nominert til Hedda-prisen for beste barne-, og ungdomsforestilling på Hålogaland Teater i 2015.

Dramatiker: Eirik Fauske. Har forfattet manus og hatt dramaturgien for en rekke teateroppsetninger, og vært skuespiller i noen av dem. Nominert til Ibsenprisen i 2011.

Scenograf: Signe Becker. Utdannet scenograf fra Akademi for scenekunst i Fredrikstad. Hun har vært med på Heddaprisvinnende forestillinger, og fikk dansekritikerprisen i 2013/14. Hun har samarbeidet med Verk Produksjoner siden 2006, og jobber primært i det frie scenekunstheltet. I 2013 var hun nominert til Hedda-prisen for årets scenografi for oppsetningene «Stalker» og «Build Me A Mountain».





FOTO: BJARTE AMBLE

*PÅ JAKT: Leiv Arne Kjølmoen og Henriette Vedel er i full gang, på jakt etter mange slags historier om naboskap på Haugalandet. Kanskje blir du bedt om å stille opp til intervju.*

SÅNNE SOM OSS:

# En herlig blanding om naboskap

av Bjarthe Amble

**Vi er nødt til å leve med naboene våre, uansett hvem de er, hvordan de er og hvor de befinner seg. Dette er ideen bak det omfattende forarbeidet, som skal munne ut i en komisk forestilling om naboskap på Haugesund Teater i februar 2017.**

Forestillingen skal bygge på innspill fra befolkningen på hele Haugalandet, og teateret gir tilbake ved å ta den ferdige produksjonen ut på turne til kommunene i regionen, forteller teatersjef Erik Schøyen.





Det var Leiv Arne Kjølmoen fra Kopervik som lanserte ideen for Schøyen. Han er utdannet fra regilinjen på Statens Teaterskole i København, der han er bosatt og jobber, med hele Danmark som arbeidsområde. SÅNNE SOM OSS, med undertittelen "En forestilling om naboskap" blir hans første oppsetning i Norge. Med seg har han dramaturg Henriette Vedel fra Oslo, som også er bosatt i København, ikke langt fra Kjølmoen. Hun har tidligere vært med på et lignende prosjekt, i Riksteaterets "Folkestyret" i forbindelse med grunnlovsjubileet. De er sammen om å samle inn historier og skrive tekstene til forestillingen.

### **SAMLER HISTORIER**

– Allerede etter sommerferien gikk vi i gang med å intervjuer folk om naboskap for å komme i gang. Vi brainstormet og kastet fram ideer, og skrev tekster. Slik fortsetter vi nå på Haugalandet. Vi går bredt ut, og er i full gang med å hente inn så mange ideer og historier som mulig her lokalt, forteller Kjølmoen. Materialet som kommer inn skal forme innholdet i forestillingen. Og med lokale tanker om naboskap mener Kjølmoen at publikum vil ha lettere for å identifisere seg med det som skjer på scenen.

### **PÅ GODT OG VONDT**

Regissør Leiv Arne Kjølmoen sier at SÅNNE SOM OSS er ment å bli en forestilling som tar for seg naboskap på godt og vondt. Her kan vi møte den ondskapsfulle, utspekulerte eller hjertelige naboen. Det som er sikkert, er at naboen vil alltid være der. Vi har derfor ikke noe annet valg enn at vi må velge hvordan vi vil forholde oss





FOTO: BJARTE AMBLE

til naboene, og lære å leve sammen.

– Vi kan også trekke begrepet naboskap lenger enn til de som bor i leiligheten eller huset ved siden av. Verden oppleves stadig mindre, og for eksempel kan en syrisk flyktning plutselig bli din nye nabo. Men også stridsspørsmålet om hvilke kommuner på Haugalandet som ønsker sammenslåing, kan vekke mange tanker om godt eller dårlig naboskap, antyder Kjøllmoen.

## UT PÅ TUR

– Hvordan og av hvem skal så det ferdige resultatet presenteres på scenen?  
– SÅNNE SOM OSS blir trolig en herlig blanding av absurd teater, deilig musikk morsomme sketsjer og masse bisarr informasjon og annerledes historier. Til å presentere dette på scenen kommer vi til å trenge "en håndfull" skuespillere, som er modige og vil leke, sier Kjøllmoen.

Erik Schøyen synes det er spennende at forestillingen ikke bygger på et allerede eksisterende manus:

– Premieren 9. februar 2017 blir derfor en urpremiere. Etter et par forestillinger på intims scenen i Haugesund drar vi ut på turné til så mange kommuner som mulig her i regionen. Vi er jo et regioneteater, og gleder oss til å presentere en rykende fersk forestilling som kort og godt handler om "sånne som oss", smiler teatersjefen.

Hva tenker du om naboen din? Har du en fortelling om naboskap, send gjerne en mail til oss på [post@haugesund-teater.no](mailto:post@haugesund-teater.no)



# Sommerteaterleir 2016



Vi hadde i 2015 stor suksess med vår første sommerteaterleir for de mellom 13-18 år. 22 ungdommer hadde en fabelaktig uke på Utsira der vi bodde og arbeidet i en uke, fra mandag morgen til visning lørdag. Leieren ledes av skuespiller Nina Sele og teatersjef Erik Schøyen. Det er ikke nødvendig med teatererfaring fra før av. Mer info og påmelding på våre nettsider fra 01.desember: [www.haugesund-teater.no/Sommerteaterleir](http://www.haugesund-teater.no/Sommerteaterleir)








FOTO: Grethe Nygaard/Haugesund Teater



# Sykehusklovnene

Festiviteten og Haugesund Teater med venner arrangerte 15. desember en veldedighetskonsert til inntekt for Sykehusklovnenes prosjekt ved barneavdelingen på Haugesund Sykehus. Sykehusklovnene er en nasjonal ideell organisasjon som sprer glede til barn i en vanskelig situasjon. Vil du lese mer om Sykehusklovnene kan du gjøre det på [www.Sykehusklovnene.no](http://www.Sykehusklovnene.no) og ønsker du å gi et bidrag kan penger settes inn på Sykehusklovnenes konto: 1503 03 54769 og merke betalingen "Haugesund Sykehus".



FOTO: Ida Brekke



# GASSCO



# Spilleplan



| Dato    | Kl.     | Forestilling | Status                   |                                   |
|---------|---------|--------------|--------------------------|-----------------------------------|
| Torsdag | 15.okt  | 19:00        | Verdas Mest Forelska Par | UTSOLGT!                          |
| Fredag  | 16.okt  | 19:30        | Verdas Mest Forelska Par | (Kun Kultur nattbutton!)          |
| Søndag  | 18.okt  | 19:00        | Verdas Mest Forelska Par | UTSOLGT                           |
| Mandag  | 19. okt | 09:45        | Verdas Mest Forelska Par | UTSOLGT                           |
| Mandag  | 19. okt | 12:00        | Verdas Mest Forelska Par | UTSOLGT                           |
| Tirdag  | 20. okt | 09:45        | Verdas Mest Forelska Par | UTSOLGT                           |
| Tirdag  | 20. okt | 12:00        | Verdas Mest Forelska Par | UTSOLGT                           |
| Onsdag  | 21. okt | 12:00        | Patina                   | (Spilles på Tysværtunet)          |
| Onsdag  | 21. okt | 12:00        | Verdas Mest Forelska Par | UTSOLGT                           |
| Tordag  | 22. okt | 09:45        | Verdas Mest Forelska Par | UTSOLGT                           |
| Tordag  | 22. okt | 12:00        | Verdas Mest Forelska Par | UTSOLGT                           |
| Fredag  | 23. okt | 14:00        | Patina                   | (Spilles på kulturhuset i Suldal) |
| Lørdag  | 24. okt | 12:00        | Eventyrstund             |                                   |
| Lørdag  | 24. okt | 14:00        | Eventyrstund             |                                   |
| Mandag  | 26. okt | 19:00        | Verdas Mest Forelska Par | (Spilles på kulturhuset på Stord) |
| Tirdag  | 27. okt | 10:00        | Verdas Mest Forelska Par | (Spilles på kulturhuset på Stord) |
| Onsdag  | 28. okt | 10:00        | Verdas Mest Forelska Par | UTSOLGT                           |
| Onsdag  | 28. okt | 13:00        | Verdas Mest Forelska Par | UTSOLGT                           |
| Onsdag  | 28. okt | 19:00        | Verdas Mest Forelska Par |                                   |
| Tordag  | 29. okt | 10:00        | Verdas Mest Forelska Par | UTSOLGT                           |
| Tordag  | 29. okt | 13:00        | Verdas Mest Forelska Par | UTSOLGT                           |
| Fredag  | 30. okt | 10:00        | Verdas Mest Forelska Par | UTSOLGT                           |
| Fredag  | 30. okt | 13:00        | Verdas Mest Forelska Par | UTSOLGT                           |
| Lørdag  | 31. okt | 19:00        | Verdas Mest Forelska Par |                                   |
| Søndag  | 1. nov  | 19:00        | Verdas Mest Forelska Par | Godt solgt!                       |
| Lørdag  | 7. nov  | 12:00        | Eventyrstund             |                                   |
| Lørdag  | 7. nov  | 14:00        | Eventyrstund             |                                   |
| Lørdag  | 14. nov | 12:00        | Eventyrstund             |                                   |
| Lørdag  | 14. nov | 14:00        | Eventyrstund             |                                   |
| Lørdag  | 21. nov | 12:00        | Eventyrstund             |                                   |
| Lørdag  | 21. nov | 14:00        | Eventyrstund             |                                   |
| Tordag  | 25. feb | 17:30        | Vaffelhjarte             |                                   |
| Fredag  | 26. feb | 17:30        | Vaffelhjarte             |                                   |
| Lørdag  | 27. feb | 17:30        | Vaffelhjarte             |                                   |
| Søndag  | 28. feb | 17:30        | Vaffelhjarte             |                                   |
| Tordag  | 3. mar  | 17:30        | Vaffelhjarte             | UTSOLGT                           |

Billetter og info: [haugesund-teater.no](http://haugesund-teater.no) eller 52 74 45 45  
Sosial medier: [/haugesundteater](https://www.facebook.com/haugesundteater) @haugesundteater  
[#haugesundteater](https://www.instagram.com/haugesundteater)

Vi spiller en viktig rolle  
på Haugesund Teater:

